

Dok. nummer 18/05941-2
Deres referanse: 18/2422
Vår dato: 13.11.2018
Vår referanse: Gro Smedsrud

Kunnskapsdepartementet

Svar på tilleggshøyring om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning for opptak til studieåret 2019-2020

Universitetet i Sørøust-Noreg (USN) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet datert 3. oktober 2018 (18/2422) med høyringsfrist 14. november 2018.

USN støttar ikkje forslaget til nytt ledd i § 4-2 *Spesielle opptakskrav* til enkelte helse- og veterinærfag, for opptak til medisinstudiet ved UiO.

UiO har løfta fram eit interessant forslag som etter vår meining rører prinsippa for rangering av søkjarar. USN ynskjer ei utgreiing om endringar i nasjonale rangeringsreglar før det vert innført særtiltak på studiumnivå for ein institusjon.

USN legger vekt på det vi oppfattar å vera eit brot med hovudprinsippa for rangering av søkjarar. Vi saknar ei breiare utgreiing kring det å oppretta ei ny kvote som berre skal rangera søkjarane på bakgrunn av UniTEST del 1. Omsynet til å nå ut med informasjon til søkjarane er viktig, og USN ser det som uheldig at forskriftsendringa er meint å gjeld frå opptaket 2019. Vi vil og peike på at deltaking på testen venteleg vil påføre søkjarane utgifter (reise og opphald) som kan påverke demografiske og geografiske omsyn i ei uønska retning.

Endringsforslaget gjeld hovudprinsipp i NOM (nasjonal opptaksmodell)

Forsøksordninga det søkjast om inneber at det innanfor ei kvote på 20 % skal gjerast rangering utelukkande på bakgrunn av UniTEST del 1 (ein test – ein dag). At søkarar i kvota ikkje skal rangerast på bakgrunn av karakterar frå vidaregåande skule, avvik frå det etablerte hovudprinsippet i opptaksforskrifta om at søkjarar vert fordelt i kvote for førstegongsvitnemål eller ordinær kvote basert på skulepoeng eller konkurransepoeng.

Etter oppfatninga vår vil forslaget om rangering på bakgrunn av UniTEST del 1 bryta med hovudregelen om at rangering skal gjerast på bakgrunn av det kvalifiserande grunnlaget for opptak slik det er sett fast i forskrift om opptak:

§7-1 Generelt om rangering og kvoter, (3) «Grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkjaren for eit studium».

UniTEST – kva målar han?

USN har problem med å forstå at UniTEST del 1, innanfor kvoten, skal erstatta forskriftens detaljerte regler for utrekning og rangering på bakgrunn av skulepoeng/konkurransepoeng. Vi ser ikkje at prestasjonen til ein søkjar på ein Multiple choice-test skal gje eit meir riktig bilete av kunnskapane til vedkomande, ferdigheter, motivasjon og evnar, samanlikna med karakterane frå treårig vidaregåande opplæring.

USN saknar ei breiare utgreiing

Departementet fremjar forslaget til endring «...under føresetnad av at Universitetet i Oslo og Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, finn fram til ei god arbeidsdeling og ei praktisk løysing innanfor den nasjonale opptaksmodellen.». USN saknar utfyllande informasjon om bakgrunnen for endringsforslaget og kva for konsekvensar endringa forventast å få. Kor mykje høgare poengsnitt vert forventa i kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote om kvota opprettast? USN saknar blant anna informasjon om klagerett.

Vi ser det som uheldig at forslag til endring takast med atterhald om at ukjende praktiske tilhøve og arbeidsdeling mellom UiO og Unit kjem på plass, utan at det vert opplyst kva for «praktiske tilhøve» dette gjeld.

Omsynet til søkarane

Vesentlege endringar innanfor opptak må gjerast kjent for søkarane i rimeleg tid, slik at dei får tid til å innretta seg etter endringa, ref. opptakskalenderen - rundskriv F-09-10 . Det er vel kjent at søkarar til medisin ofte må bruka fleire år for å forbetra sin konkurransepoengsum. At forsøksordninga foreslåast innført allereie i 2019 vil gjera det utfordrande å nå ut med informasjon til alle søkarar, rådgjevarar, karrieresenter mfl.

Det må forventast at poengkravet for opptak til medisin ved UiO vil auka både i ordinærkvote og i kvote for førstegongsvitnemål om forsøksordninga med UniTEST del 1 vert innført. At endringa foreslåast allereie i kommande opptak gjer at søkjarane får kort tid til å innretta seg.

Det gjeld både søkjarar som ønskjer å delta på testen og dei «vanlege» søkjarane som må forvente at poengkrava for opptak vil bli høgare frå opptaket hausten 2019.

UniTEST del 1 skal haldast ved UiO, noko som vil påføra søkarar frå andre landsdelar ein relativt stor kostnad i samband med reise og opphald for å kunne delta på testen. Ordninga kan føre til at søkjarar i nærleik av hovudstaden eller søkarar som har råd til å gjennomføra testen får eit fortrinn, og vil ikkje vera med på å fremja like høve, demografisk og sosialt. Dersom forsøksordninga var grundigare førebudd kunne høve til å avleggja testen andre stadar i Noreg vorte greidd ut. Vi viser i denne samanhengen til forkurs i matematikk til lærarutdanningane, der det finst alternative eksamensstadar over heile landet.

Med helsing

Halvor Austenå

Viserektor for utdanning og studiekvalitet

Gro Smedsrud

Seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har av den grunn ikkje handskriven signatur.